



Trine Linde Strømme  
Geitevikja 16  
5353 STRAUME

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2113 - 18/29509

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:  
26.09.2018

## Ferdigattest fritidsbustad - gbnr 11/64 og 85 Hølleland

### Administrativt vedtak. Saknr: 523/18

**Tiltakshavar:** Trine Linde Strømme  
**Ansvarleg søkjar:** Kålås & Sønn Byggevarehandel AS  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 20.01.2017. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 13.09.2018 og supplert 17.09.2018.

### Skildring

Adresse:	Hosøyvegen 58
Bygningstiltak:	Fritidsbustad
Bygningsnummer:	300577675
Bruksareal:	102m <sup>2</sup>
Avlaup:	Privat
Vatn:	Privat
Tal på røykløp:	1

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for fritidsbustad på gbnr 11/64 og 85. Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.



**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/2113

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Kålås & Sønn Byggevarehandel AS  
Trine Linde Strømme

Sauvågen 83  
Geitevikja 16

5915  
5353

HJELMÅS  
STRAUME